

Vasskraft og bygdeinteresser

Olav Randen

Illustrert av Rune J. Andersson

Vassdragsvesenet og andre kraftutbyggerar og industri-interessar spreier mykje og einsidig informasjon for kraftutbygging. Likevel er det slik at når einkvan kjem med eit lite fuglepip av motargument mot dette fossebulderet, heiter det at fuglepipet er ubalansert. Denne artikkelen er eit slikt fuglepip, eg vil ta opp nokre av dei problema regulantane sjeldan nemner. Det skapar heller ingen balanse, det må mange fuglar til for å kvitre jamnhøgt med bulderet frå ein foss.

Om dei få store og dei mange små


Ei vassdragsutbygging er ikkje eit møte mellom to jamnlikar, men mellom ein stor og ein liten part.

Regulanten er eit mammutelskap med milliardbudsjett, anten han heiter Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen, Oslo Lysverker eller Norsk Hydro. Kommunebudsjetta i Øvre Gudbrandsdalen er på ein eller nokre få prosent av dei pengane desse stortingane brukar kvart år.

Regulanten kan vanlegvis stå fram med ei røyst, han er ikkje kløyvt i ulike interesser på den måten ein bygdekommune eller ei grend ofte er det.

Regulanten har kontaktar i det administrative og politiske leiarskiktet i landet. Bygdefolk har berre seg sjølve å lite på.

Regulanten kan påverke folkemeininga med ein flaum av brosjyrar, informasjonsmøte og avisartiklar. For han har pengar, eige trykkeri og dei fleste avisredaktørane i landet på si side. Sia det og er han som driv stordelen av undersøkingane føreåt, kan han i informasjonsflaumen leggje vekt på å få fram opplysningar som gagnar saka hans, og like eins gje negative opplysningar ein mindre plass enn dei eigentleg fortener. Såleis blir det heilskapsinntrykket



ein regulant gjev av framtida for reguleringsområdet, stundom misvisande endå om brorparten av opplysningane gjerne er rette. Bygdefolket har ikkje slike informasjons- og påverknadskanalar som regulanten har. Dei må stange seg fram.

Lovreglane om konsesjonssøknader og undersøkingane føreåt er forma slik at dei gagnar søkjaren meir enn bygdefolket. Søkjaren må bruke hundretusentals kroner for å leite fram sjeldene plante- slag og arkeologiske leivningar. Det er viktig nok, men langt viktigare er det at samfunnsvitarar og landbruksforskarar blir rådspurte om koss bygdelivet og bruken av området no vil endre seg ved ei utbygging. Like om å gjera er det å finne ut kva for alternative bruksmåtar som fins for området. Kva *kan* det kaste av seg med nydyrking, beite, kultiverte moltemyrar eller annan bruk? Men lovverket krev ikkje at ein konsesjonssøklar skal granske desse avgjerande spørsmåla.

Regulanten gjer konsesjonssøknaden til teknikk og økonomi. Men teknikken maktar ikkje bygdefolk å vurdere. For dei kan ikkje engasjere ein tilsvarande fagstall som den regulanten har. Dei folkevalte på Tinget maktar heller ikkje å vurdere teknikken. Dei må godta eller forkaste, og godtek oftast. Og økonomien er ikkje bygdefolks økonomi. Norsk landbruk er ikkje heilt ut innlemma i den kapitalistiske økonomien. Framleis blir gardsbruk selt for 20-50.000 kroner frå far til son, fordi dei skal vera arbeidsplassar og ikkje spekulasjonsobjekt. Men jorda blir verdsett mest like lågt

i reknestykka til regulant og skjønsmenn. Verdien av gamal kultur og urørt natur kjem ikkje med i reknestykket i det heile, for slike gode kan ikkje omsetjas på marknaden liksom kilowatt-timar.

Regulanten konkluderer med at han kan tene fleire kroner på fjellheimen enn bygdefolket kan. Då tenkjer styresmaktene at desse fjella må regulanten få. Når din neste tener meir på noko enn du, då skal han ha det. Den lova gjeld der dei små er truga og dei store tener.


Såleis er ei vassdragsregulering eit møte mellom mange små i samfunnet og få mektige og pengesterke.

Men om regulanten er mektig og pengesterk, er han ikkje raus og medgjerleg. Eg har prata ved bygdefolk og lokalpolitikarar i ei mengde utbygde kommunar i Norge, og over alt har dei sagt at regulantane, same om dei er statlege eller private, er smålege med pengar og eigenrådige overfor kommunar og bygdefolk. Ein regulant gjev ikkje frå seg sylvpengar der han kan nøye seg med koparslantar. Han tingar ikkje med kommunen om ikkje konsesjonsvilkåra pliktar han til det når ei bestemt løysing gagnar han sjølv best.

Eg har og prata ved ei mengde grunneigarar rundt om i landet som har selt fallretta eller eig bruk der fallrettar er selt tidlegare. Svært få er nøgde med salsprisen. Og mange kan fortelja at oppkjøparen gav dei misvisande opplysningar og ikkje handla i samsvar med god handelsskikk. Den framgangsmåten Sam. Eyde skriv om i boka «Mit liv og mit livsverk», fortel sitt om koss handgjeving og overdraging av fallrettar ofte har gått føre seg:

«Professor Olav Heggstad, som dengang var i min tjeneste som ingeniør, var til overordentlig stor hjelp under samlingen av alle disse eiendommene. Sammen med ingeniør Ugland samlet han en rekke håndgivelser, ofte under ganske dramatiske forhold. For eksempel ble det en gang i løpet av én natt tatt ut håndgivelser på en hel grend, uten at noen fikk greie på hva som var i gjære.»

Bygdefolk seier ofte at dei kan godta dei fyrste byggjestega. Så kan dei takke nei etter nokre år. Men etter dei åra har sume vorte anleggsarbeidarar og andre knytt til anlegga gjennom serviceverksemd. Nedtrapping vil føre til arbeidsløyse og fråflytting. Difor lyt bygdene trygle om utbygging til siste vassdraget er lagt i røyrrer. Regulanten utnyttar denne knipa til å presse gjennom stadig mildare konsesjonsvilkår.



Om billigsal av natur

Vatnet frå fjell-Norge er verdt tusentals millionar kroner årleg. Men kven får desse pengane? Bygdefolk som har ått og brukt fjellheimen? Nei, dei får berre nokre kroner for tap av næringsveg. Samfunnet gjennom skatten og folket i skattelette? Skatteinngangen frå dei som produserer og brukar kraft i store mengder er så liten at me kan seia sikkert at det ikkje er slik. Folket som rimeleg straumpris? Men elektristeten er dyr for små forbrukarar, og stordelen av han går ikkje til heimane. *Naturressursane frå fjell-Norge gjev fyrst og fremst pengar til den krafikrevjande industrien i form av rimeleg elektrisitet (tre delen av forbrukarprisen) i store mengder.* Denne industrien er dels i utanlandsk eige.

Eit døme syner dette. Sist i 60-åra uttala Norsk Hydro at Valldalen i Røldal kasta av seg 100 millionar kroner årleg. Røldølene, som tidlegare åtte og brukte Valldalen som stølsdal, får ikkje desse pengane. Dei får erstatta stølsinntektene med 25% i tillegg, men frådregge den arbeidstida dei får frigjort med at dei ikkje

lenger stolar. Dette er ledig arbeidstid som dei ikkje får nytta på anna vis, fordi det ikkje har vorte noko av dei faste arbeidsplassane røldølene drøymde om i kjølvatnet etter anlegget. I alt får dei nokre hundre tusen kroner årleg, altså nokre promillar av det området kastar av seg.

Lasarus laut nøye seg med smulene frå den rike manns bord. Med bygdefolk er det annleis. Dei må nøye seg med smulene frå sitt eige bord.

Om anleggstida

Nokre tiår attende kunne ei storutbygging vara både 15 og 20 år. Slik er det ikkje lenger. Med moderne maskinutstyr, dugande køyrrarar og hardt arbeidstempo kan storentreprenørane gjera unna omfattande utbyggingar på nokre få år. For reguleringsbygdene er såleis anleggstida ei stuttvarig og hektisk tid, der eit samfunn av omreisande anleggsarbeidarar, vattenrallare som svenske kallar dei, skal samarbeide med eit rotfest bygdesamfunn.

Det er og slutt på at stordelen av bygdefolket kan ta sesongarbeid og deltidsarbeid på anlegget. For kostbare maskinar og krevjande arbeid krev toppkvalifiserte folk, og entreprenørane vil ha faste stabar.

Særleg er det vanskeleg å få arbeid for bygdefolk som entreprenøren ikkje trur vil følgje med til neste anlegg, som bønder og folk som har kome litt opp i åra. Om bygdefolk får arbeid, er det ofte dei minst ettertrakta jobbane dei må ta, og det er dei som må slutte fyrst når nedtrappinga kjem. Rundt om i Norges utbyggingskommunar går tusentals bygdefolk vonbrotne fordi dei ikkje har fått det arbeidet dei fekk ein – noko uklar, juridisk uforpliktande – lovnad om då konsesjonssøknaden vart drøft i kommunen.

Ein del unggutar søker seg til anlegget og får arbeid fordi dei kan bli med i den faste staben. For bygda inneber det at desse mellombels har arbeid heime, men og at mange av dei om nokre år flytter heimafrå eller blir langpendlarar.

Nokre bønder får arbeid på anlegget. Anleggsarbeidet krev så mykje at det ikkje let seg kombinere med gardsdrift. Såleis blir garden mellombels lagt ned eller drifta redusert til eit lågmål. Det fører med seg at samarbeidet bøndene imellom går attende og at jordbruksmiljøet i bygda blir dårlegare. Stundom går det slik at bonden tek til på nytt og brukar pengane han har tent til å styrke gardsdrifta. Men iblant går det tvert om slik at han tykkjer det krev så mykje å drive garden opp att, eller at han har vent seg til så høg inntekt, at han følgjer med til neste anlegg.

Ein del industriarbeidarar søker seg over til anlegget fordi lønene er høgre der. På nytt gjeld det især yngre folk, som kan velja sjølve meir enn eldre arbeidarar kan det. For den lokale industrien inneber det at dei enten må setja opp lønene eller mister dei beste arbeidarane sine. Delar av den lokale industrien driv med knapp fortønest, og anlegget kan difor føre til bedriftsnedleggingar og med det arbeidsløyse særleg for eldre arbeidarar.

Kommunane får mange nye utbyggingsoppgåver. Skulane blir sprengde, vegane slits ned og lyt betras, forsamlingshusa blir for små, kommuneadministrasjonen må styrkas m.m. Konesjonspengane kjem derimot ikkje inn før utbygginga er slutført, og skatteinntektene frå ein del anleggsarbeidarar monar så lite i høve til utgiftsauken. Difor må kommunekassane i anleggstida botnskrapas som aldri før.

Denne beiske røynsla har godtsom alle utbyggingskommunar gjort. Ordføraren i Aurland sa det slik i eit avisintervju (Bergens Tidende 27.1 73):

«I Aurland har Oslo Lysverker nå nedlagt nærmere 500 millioner kroner på tre år. Det må være noe galt med systemet når kommunen ikke engang har penger til å sette i gang ekstraordinært sysselsettingsarbeid. (. . .) Aurland må låne hver eneste øre som skal investeres. Lånegjelden vil mangedobles i de fem første utbyggings-årene.»

Eigenrådige regulantar, slunkne kommunekassar og manglande kommunal ekspertise gjer at kommunane i liten mon kan planlegge og styre det som skjer. Sjeldan maktar utbyggingskommunane å få anleggsbyar og verkstadsbygg plasserte slik at dei kan nyttas etter at anleggsverksemda er ferdig. Sjeldan maktar dei å styre tilknytt verksemd som transport og forretningsdrift slik at denne ikkje dett i hop att når regulanten takkar for seg. Sjeldan maktar kommunane å løyse dei sosiale problema som lett oppstår mellom eit tilflytt mannsamfunn og bygdefolk.

Under utbyggingsperioden er det svært vanskeleg å få realisert den draumen alle bygdekommunar har om varige industriarbeidsplassar. Det går føre seg ein beinhard strid mellom bygdekommunane i Norge om dei etter måten få aktuelle industribedriftene. Den som kan lokke med feitaste agnet, får napp. Men ein anleggskommune har ikkje godt agn. For det fyrste manglar han pengar til å leggje forholda til rettes og stø industrien økonomisk. For det andre har anlegget pressa lønnsnivået oppover i kommunen, og industriinvestorane er ikkje minst på leiting etter lågtlønnsområde. For det tredje er tilgangen på arbeidskraft mindre enn i ei mengd andre

kommunar. For det fjerde får han ikkje den hjelpa frå sentralstyresmaktene som ein fråflyttingskommune med arbeidsløyse vil få. For styresmaktene har meir enn nok med å gje skattelette til dei kommunane som treng det aller mest i augneblinken og rå aktuelle bedrifter til å slå seg ned der. Desse tinga gjer at det er vanskeleg for ein utbyggingskommune å få industri i anleggstida.

Nedtrappinga

Etter ein hektisk anleggsaktivitet i nokre år er bassenga, tunnelane og kraftstasjonane ferdige. Til drifta av kraftstasjonane og ettersyn av dammane trengs eit fåtal personar. Av desse er sume spesialistar som lyt hentast utanfrå.

Anleggsarbeidarane dreg til nye anlegg, kanskje i andre delar av landet. Blant dei er no ein del bygdefolk, særleg unggutar. Dei vil prøve framtida som omreisande anleggsarbeidarar.

Mange ting gjer at dei vel denne framtida, og at folk lettare enn før flytter ut. For det fyrste har dei kanskje vent seg til eit høgre forbruk enn det som var vanleg før, og levevis, renter og avdrag tvingar dei til å ta det best betalte arbeidet dei kan få. For det andre er det heimlege bygdemiljøet endra, med mykje flytting av folk i anleggstida, endra livsoppfatningar og nye lokale kløyvingslinjer, slik at noko av det som før batt ein til heimbygda, er borte. For det tredje er verdien av å bu nær urørt natur, godt jaktlande og rike fiskevatn ikkje som før. Tidlegare kunne folk forsaka høg inntekt og utbygt service for å bu i området. No er bygda berre eit aktuelt bustadområde liksom andre aktuelle bustadområde.

For dei bøndene som har fått jordbruksareal sett under vatn eller redusert på annan måte, kjem endå eit utflyttingsmotiv til. Dei får erstatta det tapte jordbruksarealet. I heimbygda er det sjeldan mogeleg å utnytte på annan måte og med brukbar arbeidsinntekt den tida som blir frigjort med at produksjonsgrunnlaget på bruket blir redusert. Om ein bonde derimot flytter ut og tek anna arbeid, får han erstatningane i tillegg til vanleg arbeidsinntekt. Såleis fremjar dei årlege erstatningane ofte fråflyttinga.

Eg nemnde at gardsbruk vanlegvis blir selt nokså rimeleg fordi dei blir sett på som arbeidsplassar for kjøparane og ikkje som spekulasjonsobjekt for seljarane. Men om ei årleg pengeerstatning følgjer med eit bruk, blir ofte den rekna om i eingongskapital, og overdragsprisen kan bli fleirdobla når denne summen blir lagt til. Særleg gjeld det der ein av fleire sysken skal ha garden, dei andre vil og ha sin del av erstatningspengane. Såleis smuldrar erstat-



ningane bort for den nye brukaren, og han sitt att berre med eit redusert bruk.

Desse tinga har gjort at mange bønder vel eingongs erstatning framfor ein årleg pengesum. Men ein eingongssum let seg vanskeleg nytte slik at han styrkjer bruket varig.

Kommunane sit att med overdimensjonerte skular, ein busetnadsstruktur som er skapt av ein stuttvarig anleggsaktivitet og fråflytting. Dei har vorte industrialiserte kommunar, men er utan industri. Fyrst etter nokre år er konsesjonsinntektene så store at kommunane har sterkare lokkemiddel til industrien enn andre kommunar. Om då ikkje prisstigning, redusert skatteutjamning, reduserte tilskot til lærarløner og auke i utlegga et opp alle

konsesjonspengane, slik dei gjer i mange utbygte kommunar. Men når desse åra har gått, har såvidt mange flytt ut at kommunen ikkje lenger kan lokke med god tilgang på vel kvalifiserte arbeidsfolk. Stordelen av kraftutbyggingskommunane i Norge i dag eksporterer difor ikkje berre elektrisk kraft. Dei eksporterer innbyggjarar og.

Mange kommunar vil ha kraftutbygging

Sume kommunar tryglar om å få kraftutbygging. Mange takkar ja med veike atterhald. Kvifor er det slik? Overdriv denne artikkelen skadeverknadene? Forstår ikkje bygdefolk sitt eige beste? Eller er det andre årsaker?

Stundom er bygdefolk utan tvil feil informerte. Dei let seg lure av den propagandaen konsesjonssøkjar og industriinteresser fører. Dei gløymer skadeverknadene og gjer fordelane større enn dei i røynda er. Når regulanten mener lausleg at ei utbygging *kan* gje 50 faste arbeidsplassar, er ikkje folk flest så mistruiske at dei ser at talet truleg blir det halve, at berre halvparten av desse att blir i deira kommune, og at folk utanfrå vil få dei fleste jobbane. Men så mistruiske bør bygdefolk vera om dei skal vurdere framtida realistisk. Om folket i Nore og Uvdal, Vinje og Tokke, Aurland og Lærdal kommunar hadde visst det dei veit i dag om kraftutbygging, ville dei neppe godteke konsesjonssøknadene så vilkårlaust som dei gjorde.

Ofte er dei som sit i styre og stell i kommunane, dei som vil merke mest til fordelane med ei utbygging. Mea utkantfolk og småårsfolk, som ofte får problema sterkast inn på livet, ikkje har sine talsfolk i kommunestyre og andre rådspurte organ.

Men hovudårsaka til at kommunar flest takkar ja til kraftutbygging, er at folket der ikkje ser nokon annan utveg. Styresmaktene seier dei fører ein distriktsutbyggingspolitikk. Viktigaste innhaldet i denne politikken er at gardar blir lagt ned, talet på fiskarar går attende, industribedriftene blir samla i eit fåtal sentra, sjukehus, jernbanestasjonar og posthus blir lagt ned og buss- og båtruter innstilte. Dette er ingen distriktsutbygging, det er distriktsnedlegging. I høve til denne avfolkingspolitikken kjenner mange bygdefolk seg makteslause. Dei tenkjer på denne måten: Får me anleggsverksemd, kan me i det minste stogge fråflyttinga nokre år. Så får me vone at me inna dei åra er omme, får varige arbeidsplassar her.

Ville det ikkje vera betre om me samla oss flest råd, både bygdefolk og byfolk, i sams strid *mot* den avfolkingspolitikken styresmaktene fører og *for* varig arbeid der folk bur?

Økonomiske vederlag til de berørte kommuner

Denne redegjørelsen bygger på en utredning som konsulentfirmaet Hydroconsult har gjort for kommunene Skjåk, Lom og Sel. Utredningen klarlegger hvilke økonomiske vederlag kommunene kan regne med og hvilke begrensninger en må regne med i disponeringen av disse midler. Disse opplysninger må imidlertid også sees i sammenheng med de økonomiske konsekvenser en må regne med av endringer i jordbruk, jakt og fiske og andre sysselsettingsforhold. Denne redegjørelsen må derfor vurderes sammen med flere av de andre artiklene i årboken. Se særlig Olav Randens artikkel på s. 118.

Konsesjonsavgiften

Vassdragsreguleringsloven som ble laget i 1917 påla kraftutbyggere en årlig avgift til de berørte kommuner på fire kroner pr. innvunnet naturhestekraft. Fire kroner i 1917 tilsvarer tjue kroner i dag hvis en skulle holde følge med den generelle prisutvikling. Maksimalsatsen for konsesjonsavgiften er imidlertid bare blitt økt til ti kroner (i 1974). Verdien av konsesjonsavgiften er altså blitt temmelig redusert i løpet av disse seksti årene.

De ti kronene er også vel og merke en maksimumssats. Det er ikke sikkert at den vil bli fulgt. Men blir den det, vil de kommunene som berøres av Jotunheim-utbyggingen få ca. 9 millioner årlig å dele seg imellom (hvis Øvre Otta utbygges mot vest). Vanligvis vil mesteparten tilfalle de kommunene der magasinene ligger.

Skatter av kraftverkene

For Jotunheim-utbyggingen er det beregnet at utbyggerne må betale ca. 25 millioner årlig i skatt til de berørte kommuner, også her mest til «magasinkommunene».

Til sammen utgjør altså skatter og konsesjonsavgifter, som er

hovedinntektskildene for kommunene etter at anlegget er ferdig, ca. 30 – 35 millioner kroner, eller vel en prosent av anleggets utbyggingskostnad. Det meste av dette skal fordeles mellom 4 – 5 kommuner hvor magasinene og fallstrekningene ligger.

Skatter i anleggstiden

Det er usikkert hvor stor del av arbeidsstokken i anleggstiden som vil være fastboende. Skatteinntektene vil derfor være svært vanskelige å anslå. Men man kan anta at skatteinntektene for den samlede anleggstid (sju år), vil ligge på noenlunde det samme som den *årlige* inntekt etter utbyggingen (ca. 25 millioner).

Fonds

Utbyggeren blir normalt pålagt å opprette forskjellige fonds som vilkår for konsesjon, som regel næringsfond, fiskefond og jordbruksfond. De to siste må betraktes som en direkte kompensasjon for skader og ulemper. Men næringsfondet vil være av interesse ved betraktning av kommunenes inntekter.

Størrelsen av dette fondet er imidlertid vanskelig å forutsi. En anelse kan vi få ved å sammenlikne med Ulla/Førre-utbyggingen som er av omtrent samme størrelse som Jotunheim-utbyggingen. Her fikk de to berørte kommuner et fond på 10 millioner kr. hver, tilsammen altså 20 millioner kr. Det er rimelig å anta at det samlede beløp blir større ved Jotunheim-utbyggingen, fordi flere kommuner blir berørt.

Næringsfondet settes i bank og forrentes på vanlig måte. Eksempelvis vil 5 % av 20 millioner kr. utgjøre 1 million kr. pr. år, altså et lite beløp sammenliknet med de andre inntekter vi har nevnt.

10% konsesjonskraft

Utbyggeren kan pålegges å avgi inntil 10 % av kraftmengden til de berørte kommuner. Men kommunene må betale vanlig pris for kraften. Så under normale kraftforsyningsforhold vil kommunene ikke ha noen fordeler av denne bestemmelsen. De ville i alle tilfelle kunne få kjøpt denne kraften til den samme prisen.

Bare i tilfelle av kraftmangel vil denne bestemmelsen være god å falle tilbake på.

Det store MEN!

En kommune må i likhet med privatpersoner, finne seg i at økte inntekter medfører økte skatter og reduserte tilskudd. De viktigste

minuspostene for en kommune er økt fylkesskatt, reduksjon i skatteutjevningmidler og reduserte statsrefusjoner til skolesektoren.

Undersøkelser som er gjort for enkelte utbyggingskommuner, antyder at kommunene ikke sitter igjen med mer enn 30 – 40 % av merinntektene når hele regnskapet er oppgjort. Kommunene rundt Jotunheimen og Breheimen vil kanskje sitte igjen med *noe* mer. Men også for en kommune gjelder regelen om at en først vet hva en har når skatten er betalt.